Åseral Frivilligsentral

Årsmelding for 2014

Den 20.02.13 valde Helse og Sosialutvalet fylgjande arbeidsgruppe for planlegging av frivilligsentral i Åseral: Bjarne Verdal (Helse og sosialutvalet), Margit Kittelstad (Rådet for eldre og funksjonshemma), Lars Magnus Reiersdal (representant for frivillige), kulturkonsulent Tove Utengen og ein representant frå avdeling levekår.

Den 07.01.14 inviterte arbeidsgruppa til ope møte om oppstart av frivilligsentral i Åseral. Med på møtet var og leiar av Audnedal frivilligsentra Jorun Flottorp og leiar av Marnardal frivilligsentral Torhild Helgesen. Dei fortalde om erfaringane og korleis sentralane er organisert.

Dei som var tilstades på møtet var samde om å arbeida vidare med å få oppretta frivilligsentral i Åseral og det blei vald fylgjande interimstyre:
Kulturkonsulent Tove Utengen (Åseral kommune)
Bjarne Verdal (representant frivillige)
Lars Magnus Reiersdal (representant frivillige)
Margit Kittelstad (Åseral Bygdekvinnelag)
Arna Berg (Åseral Sogelag)

Mandatet var å taka seg av det formelle med oppretting av frivilligsentral i Åseral og søkja Kulturdepartementet om tilskot innan 1. april.
Interimsstyret hadde mange arbeidsmøter og besøkte frivilligsentralane i Audnedal og Marnardal. Det vart teke kontakt med lag og foreiningar og sendt ut brev om å vera med på oppstart og drift av frivilligsentral i Åseral.

Søknad om tilskot til etablering av frivilligsentral i 2014 vart sendt Kulturdepartementet før fristen 1. april 2014. Åseral kommune fekk tildela tilskot for 2014 på kr. 155 000 under føresetnad av at det vart tilsett dagleg leiar innan utgangen av året.

Oppstartårsmøte blei halde 13.10.14. Åseral Frivilligsentral vart formelt oppretta og vedtekter for Åseral Frivilligsentral vart vedteke. Det vart gjort fylgjande samrøystes val:

<u>Val av styreleiar</u>:
Arna Berg (Åseral Sogelag) vald som leiar for 1 år (på val 2015)

<u>Val av 3 styremedlemar frå eigarsida:</u>
Britt Enny Haugland (Åseral Husflidslag) vald for 1 år (på val i 2015)
Siv Nesland (Åseral Bygdekvinnelag) vald for 2 år (på val i 2016)
Elling T Eikerappen (Åseral Næringsråd) vald for 2 år (på val i 2016)

<u>Val av 1 styremedlem frå dei frivillige:</u>
Lars Magnus Reiersdal vald for 1 år (på val i 2015)

Val av varamenn frå eigarsida i rekkefylgje:
Linda Fosse (Åseral Sokneråd) vald for 1 år (på val i 2015)
Ole Tom Haddeland (DFEF Betania Åseral) for 1 år (på val i 2015)
Tove Forgard (Åseral Bedehus) for 1 år (på val i 2015)

Val av varamann for frivillige:
Bjarne Verdal vald for 1 år (på val i 2015)

Val av revisor:
Lloyd Gundersen

Styret har hatt 4 møter og handsama 11 saker.

Styret konstituerte seg og Britt Enny Haugland vart vald til nestleiar. Åseral Rekneskapskontor vart engasjert til å føra rekneskap for sentralen.

Stilling som dagleg leiar vart lyst ut, og det var i alt 8 søkjarar. Styret tilsette Lena Verdal Vittali i stillinga 01.12.2014. Søknad om statleg tilskot til nyetablerte frivilligsentralar for 2015 vart sendt.

Åseral, 16.03.15

Arna Berg
Styreleiar